

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum og Valer.

Emne Veving.

Bygdelag: Hagen grenda i
Elverum og Nordhagen

Oppskr. av: Olav Furuset.

Gard: i Valer.
Skjerbekk og Elset.

(adresse): Jømna st.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Olea Skirbekk, 87 år, Bronka, Jømna st.

SVAR

1. Jakke, bukser og snøsokker var gjort av vadmel. Det var 4 skafts vev. Til helgebruk nytta dei ofte raudrutet verkenstvest. To havelstev. Underbukser, skjorta o.l. laga dei av leret, gjerne av ullveftet leret. Den var vevd i vend. (Vend: tradde veven med 2 og 2 trær). I eldre tid, en kan seie for 60-70 år sidan, var det ikkje vanleg at kara brukte underbukser. Kara brukte buseruller, ei slags trøye med knapping framma til. Kvardagsbuserullen, sluskerullen, hadde ikkje linning nedatil. Det hadde derimot helgedagsbuserullen. Tøyet i buserullen hadde gjerne blå breie blå og smale kvite striper.
2. Verkenstøyer var svært vanleg til kjoletøyer i den tida Olea S. kan minnst. Dei brukte ullverken for vinterkjoler og bomullsverken for sumarkjoler. Verkenstevven var tohavelstev. Til stasbruk nytta dei kjoler med trykte mønster. Tøyet vevde dei heime, men dei måtte senda det til ein by for å få trykt på mønstret. Understakken gjorde dei og av verken. Noen få hekla understakken. Serken var for det første av lin. Gjerne var øvste delen av finlin medan nerdelen var gjort av strie. Seinare kom leretet i bruk til undertøyet. Det var ikkje vanleg at kvinnene brukte bukser ~~xxx~~. Ei kone f. omlag 1875, fortalde at det var ikkje tale om at gjentene nytta underbenklær da ho gjekk på skulen.
3. Om undertøy, sjå nr. -2.
4. Sengeomheng var lite brukt her. Olea S. kan berre fortelja om gardbrukaren Oluf Haug (d. f. 1829) som nytta sengeomheng for senga si. Han likte ikkje at folk såg på han når han sov. Men dei brukte kapper nedatil slik at dei skjulte det som stod under senga. Himmelsenger med kapper ovan til var også brukt.

2.

Laken og putevar av lin. Laken vevd med striveft var mye brukt. Dei var vevd i vend eller "odd og vend". Odd og vend vil seie ~~sitt mønster med sikk-sakk striper~~ at tøyet var vevd slik at det vart sikk-sakk striper .

6. Duker og servietter med 8 havelssvev.

7. Handklær vevde dei med dreil eller vend.

8. Det var svært lite å sjå av åklær. Olea S. kunne ikkje hugse å ha sett meir enn eit einaste i ungdommen. Det var eit sengeakle på Lundebý i Våler. Det var blå lindreil. Derimot strikka dei tepper til sengeoverbredsel. På Hagen gård i Hagen grenda hadde dei strikketepper med mønster på til overbredsel på alle gjestesengene. (1870-80) Tepper til sengeoverbreidseil vart først vanleg etter at hekling kom i bruk.

-laken

Alle som hadde råd for det, skaffa seg liksvøp. Dei la gjerne mye arbeide på det. Oftast var dei vevd med tohåvelssvev. Ei kone på Elset i Våler hadde gjort seg eit serskildt vakkert og stort liklaken. Datter hennes ville gjerne ha det til noe meir nyttig, og fekk ordna det slik med mora at ho fekk det. Da mora døyde, kjøpte ho eit liksvøp til henne. (Kona det er tale om døyde i 1869). Den døde vart ellers gravlagt i sine beste klær, ofte med strømper og sko. Berte Braskerud vart lagt i grava med brukjolen på. (1870 omlag)

Det var gjerne ei som var ekstra flink med veven som hjelpte til med å sette opp den nye veven. Oleana Elset i Våler (f. på Lømo i Elverum) hjelpte dei fleste som skulle ha opp ein ny vev i grennelaget hennes i Nørdhagen i Våler. Ei flink vevereske skulle greie å veve 20 alen leret om dagen, sa dei.